



Saksprotokoll

Organ: Hovudutval for samferdsle

Møtedato: 21.06.2016

Sak nr.: 16/257-29

Internt l.nr.: 21355/16

Sak: 30/16

Tittel: Planprogram til Regional transportplan 2018 - 2027,
godkjenning

Behandling:

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

Fylkesutvalet godkjenner framlegget til planprogram for Regional transportplan 2018 – 2027 (vedlegg 1) med dei endringar som er viste i punkt 4 (Konklusjon) i saksframstillinga. Planprogrammet skal leggest til grunn for det vidare arbeidet med transportplanen.

Endringsframlegg:

Høgre sette fram slikt tilleggsframlegg:

Fylkesutvalet legg til grunn at pkt. 3.6.8 om alternativ finansiering også omfattar brukarfinansiering.

Venstre sette fram slikt tilleggsframlegg til kapittel 3.5.1:

Næringslivet er sentralt for å påverke transportetterspurnad. RTP skal gi eit oversyn over næringsutviklinga i fylket, vurdere framtidige scenario og verdiskapingspotensialet i utbygging av samferdsle.

MDG sette fram slikt tilleggsframlegg:

Det vidare planarbeidet skal omfatte gjennomgang og systematisering av begrepsbruken om klima og miljø.

Avrøysting:

Høgre sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Venstre sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

MGD sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen si tilråding med dei vedtekne tilleggsframlegga ovanfor vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

Fylkesutvalet godkjenner framlegget til planprogram for Regional transportplan 2018 – 2027 (vedlegg 1) med dei endringar som er viste i punkt 4 (Konklusjon) i saksframstillinga. Planprogrammet skal leggest til grunn for det vidare arbeidet med transportplanen.

Fylkesutvalet legg til grunn at pkt. 3.6.8 om alternativ finansiering også omfattar brukarfinansiering.

Næringslivet er sentralt for å påverke transportetterspurnad. RTP skal gi eit oversyn over næringsutviklinga i fylket, vurdere framtidige scenario og verdiskapingspotensialet i utbygging av samferdsle.

Det vidare planarbeidet skal omfatte gjennomgang og systematisering av begrepsbruken om klima og miljø.